



# VEDTEKTER FOR KOMMUNALE BARNEHAGAR

Vedtak i Haram kommunestyre 14.12.2017– Gjeldande frå 01.01.2018

Vedtakter for kommunale barnehagar i Haram er utarbeidd i samsvar med Barnehageloven §7, Barnehageeigar sitt ansvar:

*”Barnehageeigaren skal fastsette barnehagen sine vedtekter. Vedtektene skal gi opplysningar som er av betydning for foreldre / føresette sitt forhold til barnehagen”.*

## **Eigartilhøve og forvaltning**

Haram kommune eig og driv barnehagane i samsvar med Lov om barnehagar, forskrifter og retningslinjer fastsett av Kunnskapsdepartementet, samt kommunale vedtak om drift, styringskort og årsplan for den einskilde barnehage.

Einingsleiar for barnehagetenesta har gjennom delegert mynde frå rådmannen administrasjons- og leiaransvar for barnehagane.

## **Formål og innhald**

Barnehagen skal i samarbeid og forståing med heimen vareta barna sine behov for omsorg og leik, og fremje læring og danning som grunnlag for ei allsidig utvikling, jfr. Lov om barnehagar §1 Formål.

Innhald og aktivitetar er regulert av Rammeplan for barnehagen, samt eininga og barnehagane sine plandokument, jfr. Lov om barnehagar §2 Barnehagens innhald.

## **Foreldreråd og samarbeidsutval**

For å sikre samarbeidet med barna sin heim, skal kvar barnehage ha eit foreldreråd og eit samarbeidsutval., jfr. Lov om barnehagar §4 og merknader til denne.

Foreldrerådet er alle foreldre/føresette til barna i barnehagen. Foreldrerådet skal fremje felles interesser og bidra til at samarbeidet mellom barnehagen og foreldregruppa skaper eit godt barnehagemiljø.

Samarbeidsutvalet er sett saman av foreldre og tilsette i barnehagen, slik at kvar gruppe er likt representert. Eigar kan delta etter eige ønskje, men ikkje med fleire representantar enn kvar av dei andre gruppene.

Samarbeidsutvalet skal vere eit rådgivande, kontaktskapande og samordnande organ.

## **Opningstider**

Opningstidene i barnehagane skal så langt det er råd tilpassast føresette sine behov. Dei einskilde barnehagane kan ha ulik opningstid. Ved behov (*minimun 9 barn*) kan barnehagane halde oppe i sommarferien.

Barnehagane har elles stengt:

- 5 planleggingsdagar pr år
- I juleferien f.o.m. 24. desember t.o.m. 1. januar
- I påskeferien f.o.m. palmehelga t.o.m. 2. påskedag
- Inntil 3 veker om sommaren

Opphaldstid for det enkelte barn vert avtalt med barnehagen innafor ramma av opningstida. Dersom barnet må ha ei dagleg opphaldstid som overstig 9 timar, må dette avtalast særskilt med styrar, og skal berre imøtekomast ved dokumentert behov.

### **Leike- og opphaldsareal**

Rettleiande norm for leike- og opphaldsareal pr. barn over 3 år er 4m<sup>2</sup>. For barn under 3 år skal det reknast om lag 1/3 større; 5,3m<sup>2</sup>. Arealutnyttinga i dei kommunale barnehagane skal ikkje avvike vesentleg frå den rettleiande norma.

### **Forsikring**

Barnehagen/Haram kommune har ansvar for barnet den tida det oppheld seg i barnehagen. Kommunen har teikna kollektiv ulykkesforsikring for barn som har plass i kommunal barnehage. Eigenlutar som briller og anna er ikkje forsikra.

### **Internkontroll**

Haram kommune har eigne rutiner for å hindre at barn blir utsette for ulukker i barnehagetida. Styrar i barnehagen er ansvarleg for internkontrollrutiner i sin barnehage.

### **Opptak**

Opptak av barn er regulert av Lov om barnehagar §12 og forskrift om saksbehandlingsreglar ved opptak i barnehage. Kommunen er ansvarleg for eit samordna opptak for kommunale og ikkje-kommunale barnehagar.

Hovudopptaket har søknadsfrist 1. mars. Det skal nyttast elektronisk søknadsskjema som ein finn på [www.haram.kommune.no](http://www.haram.kommune.no). Om barnehagen får ledige plassar, blir det gjort supplerande opptak gjennom året, ut frå barnehagen sine rammefaktorar. Einingsleiar har ansvar for den samordna opptaksprosessen.

Haram kommune har 3, 4 og 5 dagars plass.

### **Rettt til plass i barnehage**

Søkjjar til barnehageplass må bu i kommunen ved oppstart i barnehagen for å ha rett til plass.

Rettt til barnehageplass etter gjeldande regelverk gjeld berre ved hovudopptak. Barnet må ha oppstart i barnehagen seinast den månaden det fyller 1 år for å ha rett til plass.

### **Opptakskriterie ved hovudopptak**

Barnehageplass vert tildelt etter prioritet. Dersom kommunen finn det naudsynt, kan det ved særskilde høve gjerast unnatak når det gjeld prioritering.

Følgjande prioritering gjeld for opptak av barn i barnehage:

1. Barn med nedsett funksjonsevne og barn som det er fatta vedtak om etter Lov om barneverntenester §§4-12 og 4-4 andre og fjerde ledd, jfr. Barnehagelova § 13 om prioritet ved opptak. Krav om sakkunnig vurdering.
2. Barn frå familiar med store belastningar på grunn av alvorleg sjukdom eller nedsett funksjonsevne hos føresette eller søsken. Krav om dokumentasjon frå lege.
3. Barn som går i barnehage og ønskjer endra plass.

4. Barn som har søsken i barnehagen og som har rett til plass etter barnehagelova.
5. Barn som går i barnehage i Haram kommune og ønskjer overflytting til anna barnehage i kommunen.
6. Barn som har eitt år igjen til skulestart..
7. Nøkkelpersonell tilsett i Haram kommune, til dømes sjukepleiar, pedagogiske leiarar, lærarar og andre stillingar som det er vanskeleg å skaffe kvaliserte søkjarar til.Må dokumenterast av arbeidsgjevar.
8. Høgste alder ved elles like høve

### **Foreldrebetaling**

Staten sin maksimalpris for foreldrebetaling gjeld i kommunen sine barnehagar. Betaling for kost kjem i tillegg, og denne satsen vert fastsett av samarbeidsutvalet i barnehagen.

Det skal betalast ein gong pr. måned i 11 månader i året, med betalingsfri juli måned. Det vert ikkje gitt fråtrekk for fråvær eller for dagar der barnehagen er stengd. Det er etter gjeldande lovverk ordningar for redusert foreldrebetaling og gratis kjernetid for 3,4 og 5 åringar frå familiar med låg samla inntekt.

Det blir gitt 30% søskenmoderasjon for barn nr. 2 og 50% for øvrige barn som bur fast saman. Søskenmoderasjon vert også gitt der søsken går i forskjellige barnehagar innan kommunen.

Manglande betaling fører til varsel om oppseiing.Eventuelle tidlegare ubetalte rekningar for barnehageplass må betalast før ny plass vert tildelt i andre kommunale barnehagar. Det er ikkje mogeleg å kjøpe enkeltdagar.

### **Oppseiing av barnehageplass**

Barnehageåret startar 15. august. Barn som er tildelt plass i kommunal barnehage, beheld plassen til den 14. august det året dei skal byrje på skulen.

Oppseiingstid er 1 måned, rekna frå den 1. i etterfølgjande måned. Dersom eit barn skal slutte i barnehagen i løpet av barnehageåret, må skriftleg oppseiing meldast inne i systemet innan den 1. i månanden før. Det må betalast i oppseiingstida.

Dersom plassen vert sagt opp innan 1. april med slutt 1. mai eller seinare, må det betalast ut barnehageåret.

### **Ferie**

Alle barn i barnehagen må ha minst 4 veker ferie i løpet av eit barnehageår. Tre av vekene skal avviklast samanhengande, fortrinnsvis i tidsrommet 15.juni til 15.august. Unntak frå dette må avtalast med barnehagen.

### **Utfyllande informasjon**

Kvar barnehage skal i samsvar med desse vedtektene lage utfyllande informasjon om drifta.